

Nord-Fron kommune

Dato : 03.02.2015
Vår ref. : 15/1346

Saksbeh. : Geir Johan Groven
Telefon : 61216199
E-post : post@nord-fron.kommune.no



**Nord-Fron
kommune**

Fylkesmannen i Oppland
Postboks 987
2626 LILLEHAMMER

Nedregate 50
2640 Vinstra

Telefon
61 21 61 00

Telefaks
61 21 61 01

E - p o s t
postmottak@
nord-fron.
kommune.no

www.
nord-fron.
kommune.no

Bankgiro
2095.06.05775

Bankgiro skatt
6345.06.05168

Klage på vedtak vedr. iverksetting av skadefelling på jerv (Dykkar ref. 2014/4437-6)

Klaga blir sendt administrativt frå Nord-Fron kommune, men gjeld **felles for kommunane Nord-Fron, Sør-Fron, Ringebu og Gausdal**. Ordførarane i nemnte kommunar vil i tillegg sende eige skriv til Fylkesmannen.

Det blir vist til brev frå Fylkesmannen datert 23.01.2015 vedr. iverksetting av skadefelling på jerv, dykkar referanse 2014/4437-6.

Klaga gjeld punkt 11 under vilkår for fellingsløyve – dispensasjon til bruk av snøscooter.

Fylkesmannen har gitt dispensasjon til bruk av snøscooter for utkjøring av mannskap og åte til fast etablerte åteplassar dersom desse er lokalisert utanfor verneområde.

Den faktiske situasjonen er at jerven for tida oppheld seg langt inne i fjellet, i område innafor avgrensing av verneområde. Avstandane er rett og slett for store til at det gis rom for effektiv jakt. Skal ein kome inn i dei områda kor jerven oppheld seg, er det snakk om fleire timar med skigåing i laussno. Det vil i praksis vere umogleg å få til organisert jakt med dette utgangspunktet.

Eit anna forhold er den økonomiske ramma som er gitt, som i praksis er så låg at ein har middel bare til 1-2 jakt dagar med normal bruk av mannskap.

Eit anna moment er at hiuttak i regi av SNO i stor grad blir gitt i beiteprioriterte område utanfor forvaltningssona for jerv. Det er derfor svært viktig at ein ved skadefelling om vinteren også får ein reell moglegheit til å få uttak av potensielle skadedyr innafor forvaltningssona for jerv.

Det krevjast derfor at det blir gitt dispensasjon til bruk av snøscooter til lokalisering av spor og utkjøring av mannskap også innafor verneområde. Dersom Fylkesmannen vil ha aktiv jaktutøving i skadefellingsperioden, er denne type dispensasjon heilt avgjerande.

Dersom Fylkesmannen ikkje vil gje slik dispensasjon, krevjast det alternativt at SNO bidreg med snøscooter i forhold til lokalisering av spor og utkjøring av mannskap.



Med helsing

Geir Johan Groven
skogbrukssjef

Godkjend og sendt ut utan underskrift iht. interne rutinar.

Kopi til:

| | | | |
|-----------------|-------------------|------|--------|
| Anders Nybakken | Nedregate 50 | 2640 | VINSTR |
| Arne Sandbu | Nedregate 50 | 2640 | VINSTR |
| Egil Tofte | Nedregate 50 | 2640 | VINSTR |
| Eldri Siem | Landbrukskontoret | 2640 | VINSTR |
| Tom Nøvik | Nedregate 50 | 2640 | VINSTR |

Sør-Fron kommune (E-post)
Ringebu kommune (E-post)
Gausdal kommune (E-post)
Vågå kommune (E-post)
Skjåk kommune (E-post)
Dovre kommune (E-post)
Øystre Slidre kommune (E-post)

Roviltnemnda (E-post)
SNO v/ Esben Bø (E-post)
Stein Magne Grevrusten (E-post)
Bengt Fasteraune (E-post)
Hans Petter Solberg (E-post)
Arnfinn Beito (E-post)
Skadefellingsleiarar i Nord-Fron, Sør-Fron, Ringebu og Gausdal (E-post)